

Fjellstyret har frå 2010 endra småviltforvaltninga slik at avskytinga meir skal bli i samsvar med bestanden. Dagskvote og sesonglengde blir bestemt etter rypetaksering i august og kan også endre seg etter vi får inn jaktresultat. Jegerane pliktar fortløpande å gjera seg kjent med reglane via jakttelefon 952 88222 eller fjellstyret si nettside www.vestre-slidre-fjellstyre.no. Regulering er mest aktuell for rype, men det kan skje for andre arter (ikkje for rovviltjakt). Slik regulering er kjøpar sin risiko og det blir normalt ikkje tilbakebetalt jaktkortpris.

Talet på jaktkort for rypejakt til utanbygds er redusert som følgje omlegginga. Det er opna for anna type jakt slik at det likevel skal vera eit godt jakttilbod for jegerane. Dette er jakt på rovvilt, and/ringdue, orrfugl og treningskort, sjå oversikt på neste side. På oversikta går det fram reglar som er knytt til dei ulike korta.

For dei som har jakt i tida 25.9 - 4.10 er jakta regulert til avgrensa felt merka med A på kartet - pga elgjakta. For dei som har orrfugljakt i tida 15.9-24.9 og 15.10-14.12 er jakta avgrensa til felt merka B på kartet.

Det er særskilte reglar for utanbygds 15.9-14.10:

- Søknadsfrist for jaktkort er 1. april
- Venteliste for nye søkjarar: maksimalt venteliste på 4 år for å få tildelt jaktkort
- Rullering mellom lirypejakt (2 år) og orrfugljakt/treningskort (1 år) + ev. pauseår
- Ved sein/manglande/ufullstendig jaktrapport vil søknad bli nedprioritert

Vestre Slidre fjellstyre
2966 Slidre
www.vestre-slidre-fjellstyre.no

Kontaktperson: Erle Frantzen, fjelloppsyn II
Kontortid: tysdagar 12-16
Telefon: 61 34 50 88 / 977 85 915
E-post: erle.frantzen@fjellstyre.no

Jaktstatistikk og vengeprøver

Alle pliktar å sende inn jaktstatistikk innan 5 dg. etter jaktløyvet er ute.

Send også dei 4 yttarste fjørene frå eine vengen av kvar rype, fjørene må vera samanhengande. Fjørene treng vi for å berekne kjuklingproduksjonen. Jaktstatistikk og taksering er grunnlaget for forvaltninga av småviltet.

NB ! Pakk ikkje fjørene inn i plast (heller ikkje konvolutt fora med plast)

Felt A (25.9-4.10)

Gilafjell/Jomssyndin; Frå Nørre Syndin følgjer ein kommunegrensa mot Vang fram til utløpet av Helin ved Strø. Herifrå følgjer grensa stølsvegen til krysset mot Svult. Herifrå går grensa over sørlige punkt på Svult- og Lomtjedd til krysset på Grønsennhøgde. Vidare rett på toppen av Kringelhøvda, til Lomtjedd, vegen vidare til utløp av Sørre Syndin. Grensa følgjer deretter vassdraget til kommunegrensa til Vang.

Grønsennknippa; Her følgjer grensa høgdekote 1100 moh

Bukonofjell; 1100 m kote - grense mot Grunke - grense mot Vang, deretter 1100 m kote tilbake til grensa mot Grunke.


Felt B: Kort for orrfugljakt

Maks. opp til 1000 moh (ikkje heilt opp til skoggrensa)

Baklie; Veslevatn – grense mot Hemsedal – Raudbekk (grense mot Grunke) – Storfjorden – Flydammen.

Bukono-Jaslangen; Storfjorden – grense mot Grunke til 1000 m kote så fylgje denne rundt fjellet til grense mot Vang – Strø, så fylgje vegen til Strøssnøse (stølslag) – Grønsenn – Kjempebekken- Grønsennkampen så fylgje 1000 m kote til Buøddin og ned til Storfjorden.

Trøllhøvd; Røvsalin – Bjødnhøvdane – Bjødnhøvd, så fylgje 1000 m kote til Grønsennhøgde – vegen til Trøllhøvd og til Røvsalin.



	Kort for	Kode	Jakttid	Jaktområde	Oversikt over vilt som kan fellast *3							Antall kort	Pris *4				Refusjon *5 jaktrapport		
					Rovvilt *1	And/ringdue	Småvilt *2	Rype	Orrfugl	Storfugl	Hare								
Innan- og utanbygds- buande	Fritt salg	rovvilt m.m.	RÅ	01.1-31.12	ingen feltinndeling	ja	nei	nei	nei	nei	nei	nei	Fritt				50 året	*6 *10	
		and og ringdue	AR	21.08-14.09	ingen feltinndeling	ja	ja	nei	nei	nei	nei	nei	Fritt	75 1 dg	5dg	300 veke	450 sesong	*6 *7	
Utanbygdsbuande	Begrensa salg, søknadsfrist 1. april	småviltjakt u/hund	S1	15.09-19.09	ingen feltinndeling	ja	ja	ja	ja	ja	nei	ja	21		750				
			S2	20.09-24.09		ja	ja	ja	ja	ja	nei	ja	21		750				
			1S	15.09-14.12		avgrensing til felt A i tida 25.09-04.10	ja	ja	ja	ja	ja	nei	ja	6				1200	
			2S	20.09-14.12		ja	ja	ja	ja	ja	nei	ja	6				1200		
		orrflugljakt u/hund	O1	15.09-19.09	avgrensing til felt B	ja	nei	nei	nei	ja	nei	nei	13		700				
			O2	20.09-24.09	ja	nei	nei	nei	ja	nei	nei	13		700					
		fuglejakt m/hund	F1	15.09-19.09	ingen feltinndeling	ja	ja	ja	ja	ja	nei	nei	53		800				
			F2	20.09-24.09	ja	ja	ja	ja	ja	nei	nei	53		800					
		orrflugljakt +treningskort(rype)	OT1	15.09-19.09	Orrflugljakt: avgrensing til felt B i heile perioden	ja	nei	nei	nei	ja	nei	nei	27		750				
			OT2	20.09-24.09		ja	nei	nei	nei	ja	nei	nei	27		750				
		harejakt m/hund	H1	05.10-11.10	ingen feltinndeling	ja	nei	nei	nei	nei	nei	ja	100			900			
			H2	05.10-14.10		ja	nei	nei	nei	nei	nei	ja				1100			
HS	05.10-14.12		ja	nei		nei	nei	nei	nei	ja					1300				
Fritt salg	orrflugljakt u/hund		15.10-14.12	Orrflugljakt: avgrensing til felt B i heile perioden	ja	nei	nei	nei	ja	nei	nei	Fritt	175 1 dg		750 veke	1100 sesong			
			15.10-14.12		ja	nei	nei	nei	ja	nei	nei	Fritt	190 1 dg		800 veke	1200 sesong			
			15.10-14.12		ingen feltinndeling	ja	nei	nei	nei	nei	ja	Fritt	190 1 dg		800 veke	1200 sesong			
Innanbygds- buande	Fritt salg	småviltjakt u/hund		15.09-14.12	avgrensing til felt A i tida 25.09-04.10	ja	ja	ja	ja	ja	nei	ja	Fritt	175 1 dg	750 veke	1200 sesong	50 %	*9	
		småviltjakt m/hund		15.09-14.12	avgrensing til felt A i tida 25.09-04.10	ja	ja	ja	ja	ja	nei	ja	Fritt	190 1 dg	800 veke	1300 sesong	50 %	*10	

* 1: Alle jaktkort gir rett til jakt/fangst på rovdyr, villmink, kråke, ravn og måke i tida for jaktløyvet. Fangstfeller skal merkast med namn & adresse. Skotpremie på rev/kråke, utbetaling på lensmannskontor

* 2: Jakt på småvilt omfattar rett til å jakte på alt jaktbart småvilt utanom storfugl

* 3: Jaktkortet gjeld berre innanfor jaktidsrammene for dei ulike artane som DN har fastsett

* 4: Gratis jakt for ungdom tom 20 år

* 5: Innanbygds betalar 50 % av kortprisen som depositum for jaktrapport, depositum blir utbetalt ved retur av utfylt jaktrapport innan fastsett frist.

* 6: Bruk av laus hund er ikkje tillete 1.4-14.9

* 7: Ved andejakt er det berre lov å bruke vassapporterande hund som førast i band utanom ved apportering.

* 8: Ved bruk av kort for fuglehundtrening er det ikkje lov ha med våpen (utanom felt B)

* 9: Innanbygdsbuande er dei som det siste året har vore fast busette i Vestre Slidre kommune

* 10: Bruk av harehund er ikkje tillete i tida 25.9-4.10

Generelle reglar

- Jegerane pliktar fortløpande å gjera seg kjend med dagskvote og sesonglengde via jakttelefon 952 88 222 eller på www.vestre-slidre-fjellstyre.no (gjeld ikkje rovviltjakt)

- Jaktkortet er personleg, men ungdom mellom 14 og 16 år under opplæring kan overta opplæringsjeger sitt jaktkort. Opplæringsjeger kan då ikkje jakte.

- For jaktkort med hund er det berre lov å bruke ein hund pr. jaktkort.

- Jeger med kort for jakt utan hund kan ikkje jakta saman med andre som brukar hund.

- I periode med fritt salg av jaktkort skjer dette via www.inatur.no og kortselgjar, salg til innbygds skjer berre ved kortseljar. Oversikt over salgsplassar på fjellstyret si nettside.

- Alle pliktar å sende jaktrapport innan 5 dagar, gjeld også for perioden med fritt salg

- Det blir ikkje lagt ved jaktstatistikk ved utsending av jaktkort, men statistikk frå siste år ligg på fjellstyret si nettside, under fane for jakt